

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested: Grand Hotel Bellevue, Åndalsnes

Dato: 18.03.2019

Tidspunkt: 11:00 – 16:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Per Magnus Berdal	Leder	
Bjarne Eiolf Holø	Nestleder	
Marit Nauste	Medlem	
Magnhild Vik	Medlem	
Mariann Skotte	Medlem	
Kjersti Bjørnstad	Medlem	

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Elias Sperstad	Medlem	
Svein Blankenborg	Medlem	
Kari Ramen	Medlem	

Merknader

Det møtte ingen frå Reinheimen-Breheimen Villreinutvalg. Kari Ramen meldte frå ved årsskifte om at ho måtte fråtre vervet grunna flytting til Skjåk. Vararepresentant, Jo Trygve Lyngved hadde ikkje høve til å møte.

Vara for Elilas Sperstad, Heidi Banken Fallingeng, meldte også forfall.

Det vart ikkje kalla inn vara for Svein Blankenborg, da varsel om forfall kom i stutt tid før møtet.

Kjersti Bjørnstad deltok på møtet via telefon.

Rolv Arne Hamre og Gisle Fossen i Statens vegvesen Region Midt, orienterte om planprogram for E 136 før lunsj.

Etter lunsj presenterte Bjørn Harald Larsen og Geir Gaarder i Miljøfagleg Utredning AS, arbeidet med skjøtselsplan i Reinheimen i 2018.

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Kristine Sørлие	Nasjonalparkforvaltar
Ingvild Øyjordet	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Marit Nauste
Sign.

Per Magnus Berdal
Sign.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/2019	Godkjenning av protokoll og innkalling – Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar. Referatsak		
	Reinheimen nasjonalpark - Motorisert ferdsel - Vurdering av lovlegheit av jetmotordreven ryggvinge		2019/3009
	Varsel om oppstart og høring av planprogram - Reguleringsplan - E136 Flatmark - Monge - Marstein		2019/7272
	Ottadalen LVO - Dispensasjon - Riving fiskebu oppføring ny hytte ved Honnsjøen		2018/702
	Møtereferat - Administrativt kontaktutval, Lesja 30.01.19		2019/4542
	Kopi - Avgjørelse i klagesak - Nedgraving av strømledning på Reindalssetra		2019/3734
ST 2/2019	Referatsaker og Delegerte saker		
DS 1/2019	Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel snøskuter 2018 - Torsbu selvbetjeningshytte - DNT Oslo og Omegn		2018/376
DS 2/2019	Reinheimen NP - Lordalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel snøscooter - 2019 - Lordalsveien gnr. 157/1/1 - Vegard Digernes		2018/345
DS 3/2019	Reinheimen NP - Dispensasjon 2019 - Motorferdsel - Herrahøene og Grønbogen - Lesjaskog heimrast		2019/6037
DS 4/2019	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel snøskuter 2019 - 2024 Stovassbua, Trollbua og Grovåskarsbua - Lars Fransplass		2018/369
DS 5/2019	Reinheimen NP - Tafjorden-Reindalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Bruk av helikopter til Reindalseter - Ålesund-Sunnmøre Turistforening v/Åsmund Steen		2019/1628
DS 6/2019	Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2019 - Transport av ny garnkasse med snøscooter til Leirungsvatnet - 2018/5151 - Roger Haugen		2019/2581
DS 7/2019	Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel snøskuter 2019 - Kupaen - Veltdalen - Terje Gjerdet		2018/707
DS 8/2019	Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2019 - Transport av ny garnkasse med snøscooter til Leirungsvatnet - Tor-Arne Bakken		2019/2989
DS 9/2019	Romsdalen landskapsvernområde -Dispensasjon 2019-2023 - Motorferdsel - Benytte leiekjører til egen hytte - Jan Kåre Mathisen		2019/4249

DS 10/2019	Reinheimen NP - Dispensasjon 2019 - Motorferdsel - Transport av lemmer til bru over Grøna i Grøndalen - Lesjaskog heimrast	2019/6036
DS 11/2019	Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Dispensasjon 2019 - Motorferdsel - Horrungen og Skarvedalseggen - Motorola Solutions, Inc.	2019/7008
ST 3/2019	Klage på vedtak - Finndalen landskapsvernområde - Klage - Dispensasjon 2016/8411 - uteplass - Sæter på Vangen gnr. 159/1/77 - Olav Maurstad	2019/3491
ST 4/2019	Romsdalen LVO - Dispensasjon 2019 - Alnesselet - Bernt Gjelsten	2018/333
ST 5/2019	Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2019 - Utbetring av kjøkkeninngang Vakkerstøylen - Ålesund-Sunnmøre Turistforening	2019/3381
ST 6/2019	Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2019 - Bruk av areal til prøve for stående fuglehunder - Norsk Gordonsetter Klub	2019/6135
ST 7/2019	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Intensjonsavtale - Norsk fjellsenter	2019/7595
ST 8/2019	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Tiltaksmidler post 31 og driftsmidler post 21 - 2019	2018/693
ST 9/2019	Eventuelt	

ST 1/2019 Godkjenning av protokoll og innkalling – Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen -
18.03.2019**

Vedtak

Ingen merknader til innkallinga.

Marit Nauste vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

ST 2/2019 Referatsaker og Delegerte saker

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen -
18.03.2019**

Varsel om oppstart og høyring av planprogram – Reguleringsplan - E 136 Flatmark-Monge-Marstein, vart presentert i møtet av Rolf Arne Hamre og Gisle Fossen i Statens vegvesen Region Midt.

Vedtak

Referatsakene og delegerte saker vart teke til orientering.

Referatsak

Reinheimen nasjonalpark - Motorisert ferdsel - Vurdering av lovlegheit av jetmotordreven ryggvinge

Varsel om oppstart og høring av planprogram - Reguleringsplan - E136 Flatmark - Monge - Marstein

Ottadalen LVO - Dispensasjon - Riving fiskebu oppføring ny hytte ved Honnsjøen

Møtereferat - Administrativt kontaktutval, Lesja 30.01.19

Kopi - Avgjørelse i klagesak - Nedgraving av strømlledning på Reindalssetra

DS 1/2019 Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel snøskuter 2018 - Torsbu selvbetjeningshytte - DNT Oslo og Omegn 2018/376

DS 2/2019 Reinheimen NP - Lordalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel snøscooter - 2019 - Lordalsveien gnr. 157/1/1 - Vegard Digernes 2018/345

DS 3/2019 Reinheimen NP - Dispensasjon 2019 - Motorferdsel - Herrahøene og Grønbogen - Lesjaskog heimrast 2019/6037

DS 4/2019 Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel snøskuter 2019 - 2024 Stolvassbua, Trollbua og Grovåskarsbua - Lars Fransplass 2018/369

DS 5/2019 Reinheimen NP - Tafjorden-Reindalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Bruk av helikopter til Reindalseter - Ålesund-Sunnmøre Turistforening v/Åsmund Steen 2019/1628

DS 6/2019 Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2019 - Transport av ny garnkasse med snøscooter til Leirungsvatnet - 2018/5151 - Roger Haugen 2019/2581

DS 7/2019 Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel snøskuter 2019 - Kuppen - Veltdalen - Terje Gjerdet 2018/707

DS 8/2019 Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2019 - Transport av ny garnkasse med snøscooter til Leirungsvatnet - Tor-Arne Bakken 2019/2989

DS 9/2019 Romsdalen landskapsvernområde -Dispensasjon 2019-2023 - Motorferdsel - Benytte leiekjører til egen hytte - Jan Kåre Mathisen 2019/4249

DS 10/2019 Reinheimen NP - Dispensasjon 2019 - Motorferdsel - Transport av lemmer til bru over Grøna i Grøndalen - Lesjaskog heimrast 2019/6036

DS 11/2019 Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Dispensasjon 2019 - Motorferdsel - Horrungen og Skarvedalseggen - Motorola Solutions, Inc. 2019/7008

**ST 3/2019 Klage på vedtak - Finndalen landskapsvernområde - Klage
- Dispensasjon 2016/8411 - uteplass - Sæter på Vangen gnr. 159/1/77 -
Olav Maurstad**

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen -
18.03.2019**

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek ikkje klaga frå Olav Maurstad til følge. Det er ingen nye moment klaga som gir grunnlag for at Nasjonalparkstyret for Reinheimen skal endre på sitt vedtak i styresak 54/18, om avslag på søknad om frittstående uteplass/platting i setertunet.

Klaga med alle saksdokument vert sendt Miljødirektoratet for endeleg avgjerle.

**ST 4/2019 Romsdalen LVO - Dispensasjon 2019 - Alnesselet - Bernt
Gjelsten**

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen -
18.03.2019**

Det vart lagt fram forslag i møtet frå Mariann Skotte, om å endre strekpunkt 3 i vilkåret slik:
- *Bygget skal ha total storleik 15,0 m², målt utvendig. Høgde 2 m frå toppen av grunnmur til under rafta.*

Endringsforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Med heimel i naturmangfoldlova § 48 får Bernt Gjelsten dispensasjon til oppføring av vedskjul på Alnesselet i Vermedalen i Romsdalen landskapsvernområde.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Eksisterande utedo skal rivast.
- Vedskjul skal byggast på same plassering som eksisterande utedo.
- Bygget skal ha total storleik 15,0 m² målt utvendig: lengde 5,0m, breidde 3,0m, høgde 2,0 m frå toppen av grunnmur til under rafta og 3,0 m til møne i tråd med byggeskisse i søknaden.
- Utforming av bygget skal vera i tråd med lokal byggeskikk i området. Det skal påførast same farge som annekset og seterhuset. Taket skal ha ei matt overflate som ikkje blenkjer.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert riving og opprydding, er i løpet av mars 2022. Etter denne fristen fell løyvet bort.

Statens naturoppsyn (SNO-Reinheimen) vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Tiltaket må òg avklarast med Rauma kommune og grunneigar.

ST 5/2019 Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2019 - Utbetring av kjøkkeninngang Vakkerstøylen - Ålesund-Sunnmøre Turistforening

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 18.03.2019

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3. b) får Ålesund-Sunnmøre Turistforening dispensasjon til ombygging av kjøkkeninngang ved sjølvbetjeningshytta Vakkerstøylen i Reinheimen nasjonalpark.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Ombygginga omfattar legging av tregolv og kledning av vegg innvendig. Innsetjing av vindauge i opning mot nord tilsvarande tre eksisterande vindauge på nordvendt vegg. Sprosser på alle fire vindauge. Innsetjing av dør i opning mot vest, dør tilsvarande som hovudinngang til Vakkerstøylen i sør.
- Ombyggingstiltaket skal vera i tråd med byggeskikk slik bygget framstår i dag med omsyn på materialval, byggjeteknikk, utforming og farge.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert opprydding, er i løpet av mars 2022. Etter denne fristen fell løyvet bort.

Statens naturoppsyn (SNO-Reinheimen) vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Tiltaket må òg avklarast med Rauma kommune og grunneigar.

ST 6/2019 Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2019 - Bruk av areal til prøve for stående fuglehunder - Norsk Gordonsetter Klub

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 18.03.2019

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Norsk Gordonsetter Klub avslag på sin søknad om bruk av areal i Ottadalen landskapsvernområde for å arrangere den årlege jaktprøva for ståande fuglehundar.

Jakthundprøva for ståande fuglehundar i april-mai innafor verneområdet kan ikkje einast med målet om å ta vare på naturmangfaldet og dyrelivet i høgfjellet, og skal leggjast utanfor verneområdet.

Gjennomføring av jakthundprøva ved Stamsætri og Heggebottsætri skal gjennomførast i randsona utanfor vernegrensa. Nasjonalparkstyret for Reinheimen vil kunne akseptere at hundar under søk tilfeldigvis kan komme innafor vernegrensa når det er under kontrollerte former. Dette er vurdert å ikkje vera i strid med verneføremål og verneverdiar, jf. NML § 48.

Det vert sett vilkår om at Norsk Gordonsetter Klub skal varsle SNO v/Per Olav Haugen (mobil: 970 57 213) i forkant av prøvedagen.

ST 7/2019 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Intensjonsavtale - Norsk fjellsenter

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 18.03.2019

Per Magnus Berdal la fram forslag i møtet om å endre kulepunkt 3 og 4 slik:

- *Forvaltarane har ansvar for å følgje opp avtalen med utvikling av samarbeidet, som eit ledd i besøksforvaltninga.*
- *Nasjonalparkstyret skal haldast orientert.*

Innstillinga med endring i kulepunkt 3 og 4, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

- Nasjonalparkstyret for Reinheimen går inn for intensjonsavtale med Norsk fjellsenter, som vist i vedlegg til saka.
- Avtalepart er nasjonalparkstyret
- Forvaltarane har ansvar for å følgje opp avtalen med utvikling av samarbeidet som eit ledd i besøksforvaltninga.
- Nasjonalparkstyret skal haldast orientert.
- Endeleg og formalisert avtale skal leggjast fram for styret for godkjenning.

ST 8/2019 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Tiltaksmidler post 31 og driftsmidler post 21 - 2019

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 18.03.2019

Samrøystes som innstillinga.

Styret ber om at det vert sendt eit brev til miljødirektoratet, for gje uttrykk for skuffelsen over manglande finansiering av tiltak prioritert i besøksstrategien.

Vedtak

Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvde driftsmidler for 2019 (post 21):

Drift av Nasjonalparkstyret for Reinheimen	kr. 400 000,-
Skjøtselsplan	kr. 100 000,-
Kartlegging	kr. 60 000,-
Besøksstrategi (møter)	kr. 20 000,-

Nasjonalparkstyret merker seg at det ikkje er tildelt midler til kartlegging av kulturminner og bygningsverdiar i 2019. Styret ønskjer å prioritere arbeidet, og ber sekretariatet vurdere om det er aktuelt å søke miljødirektoratet om ytterlegare finansiering ved supplerande tildelingar, for å

dekke manglande finansiering. Alternativt kan ein omdisponere ubrukne midler om det vert aktuelt.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen prioriterer tiltaksmidlar for 2019 slik (post 31):

Tiltak	Merknad	Stipulert beløp
<u>Skjøtselstiltak:</u> vidareføre skjøtselstiltak i landskapsvernområda	Skjøtselstiltak skal ha forankring i skjøtselsplan, og prioritering. Ubrukte midler kan omdisponeres til andre tiltak som kan gjennomførast i 2019	Kr. 100 000
<u>Billingen:</u> Vidareføre prioriterte tiltak i landskapsplan utarbeidd i samarbeid med lokal arbeidsgruppe.	Samarbeid med Breheimen. Lokal arbeidsgruppe.	Kr. 195 000
<u>Slettvikane:</u> Informasjonspunkt og rasteplass skal flyttast, og det skal byggjast ny do i samarbeid med Norddal kommune, grunneigar og statsens vegvesen.	Bidra i vidare avklaringar. Krev ferdig utarbeidd besøksstrategi	0
<u>Tussheim i Lesja kommune:</u> Det skal etablerast ein naturstig frå Lesja sentrum opp til Tussheim, byggjast utsiktspunkt på nordsida av Lesja sentrum, med utsikt til Reinheimen nasjonalpark.	Avklare kor nasjonalparkstyret skal ha informasjon. Krev ferdig utarbeidd besøksstrategi	0
<u>Utredning:</u> Kartlegging av samanheng beitebruk og fugl i Finndalen lvo.	Finansieres gjennom driftsposten, post 21.	0
<u>Tilrettelegging- og informasjonstiltak i samsvar til merkevaren Norges nasjonalparker:</u> Fellespost for å gjennomføre tiltak på prioriterte innfallsporter, eller liknande informasjonstiltak knytt til Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområder.	Krev planlegging og prioritering i ferdig utarbeidd besøksstrategi.	0
<u>Besøksstellare:</u> bestille 2 besøksstellare i ESS.	Besøksregistrering er aktuelt på Billingen og langs Kløvstigen. SNO Reinheimen har i tillegg 3 tellere tilgjengeleg frå i fjor.	-
<u>Underskilt dronfobod</u> – bestille 10 skilt i ESS	Underskilt til verneskilt til bruk på dei mest aktuelle områda. Rammeavtale med Grafika AS	Kr. 5 000,-
SUM		Kr. 300 000,-

Sekretariatet kan vurdere å søkje om supplerande tildeling til innmeldte tiltak, som skal gjennomførast i 2019.

Dersom det står att tiltaksmidlar kan sekretariatet i samråd med styreleiar også omdisponere midler til tiltak innafor verneområdet med finansieringsbehov.

ST 9/2019 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 18.03.2019

Søknad frå Telia om mobilmast på Skarfjellenden – styret vil få ei sak til behandling på e-post/telefon i fyrste omgang. Det vert opna for fysisk møte om medlem i styret ønskjer det.

Besøksstrategi – Miljødirektoratet vil i løpet av kort tid sende skriftleg stadfesting på at strategien er fagleg godkjent. DA kan strategien sendast ut på høyring, og behandlast på neste styremøte i juni.

Villreinløypa - Kristine representerer nasjonalparkforvaltarane i dei tre nasjonalparkane Reinheimen, Dovrefjell, Rondane, som Villreinløypa kjem mest i kontakt med, og deltok på møte i styringsgruppa 12.02.19.

Presentasjon av Skjøtselsplan – Bjørn Harald Larsen og Geir Gaarder i Miljøfagleg Utredning AS, presenterte status for arbeidet med Skjøtselsplanar for heilskaplege kulturlandskap i verneområder knytt til Reinheimen. Viser til presentasjon som vert lagt ut på nettsida til nasjonalparkstyret.

I 2019 er det aktuelt å utvide arbeidet for å kartlegge og lage skjøtselsplan for kulturlandskap på Reindalsseter og Vermedalsseter.

Vedtak

Orienteringar under eventuelt, vert teke til etterretning.